



Til NGIR sine eigarkommunar:

Austrheim kommune

Fedje kommune

Gulen kommune

Lindås kommune

Masfjorden kommune

Meland kommune

Modalen kommune

Radøy kommune

Solund kommune

Kjevikdalen, 04.03.19

Endring av NGIR sin selskapsavtale

Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune vert slått saman til Alver kommune med verknad frå 01.01.2020. Dette inneber m.a. at einskilte formuleringar i NGIR sin selskapsavtale må endrast. Det er og ynskjeleg å gjera nokre endringar i selskapsavtalen som følgje av endra lovverk og/eller endra praksis.

I § 33 i NGIR sin selskapsavtale er det lista opp kva paragrafar som kan endrast av representantskapet med 2/3 fleirtal, og kva paragrafar som krev godkjenning i alle eigarkommunane. Dette er og regulert i Lov om interkommunale selskap, § 4 Selskapsavtale. For heile lovteksta, sjå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-01-29-6>.

NGIR sitt representantskap gjorde 29.10.18 vedtak om ein del endringar i selskapsavtalen, innanfor sitt mandat. Representantskapet vedtok i tillegg å råda alle eigarkommunane til å gjera vedtak om dei endringane som går fram av vedlagte endringsdokument.

Frå representantskapet sitt vedtak 29.10.18:

”Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund vert bedne om å handsama saka våren 2019, og å gjera vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak. Kommunane Lindås, Meland og Radøy vert bedne om å førebu saka for handsaming i kommunestyret i nye Alver kommune i nov./des. 2019, med vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.”

NGIR ber om at alle eigarkommunane førebur sak til handsaming i kommunestyra i tråd med oppmodinga frå representantskapet. NGIR ber om å få tilbakemelding på når saka venteleg vil verta handsama i kommunestyra, og i neste omgang å få tilsendt vedtaka som vert gjort.

Viss det er ynskje om ytterlegare informasjon, ta gjerne kontakt med underteikna på hilde.lyso@ngir.no.

Med venleg helsing



Hilde Lysø
Seniorrådgjevar

Vedlegg: *Framlegg til endringar i NGIR sin selskapsavtale*
Framlegg til revidert selskapsavtale for NGIR, gjeldande frå 01.01.2020
Gjeldande selskapsavtale for NGIR, revidert av representantskapet 29.10.18